



Arkoconsult As  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 23/2804 - 23/22232

Saksbehandlar:  
Therese Lyngbo Iversen  
therese.lyngbo.iversen@osteroy.kommune.no

Dato:  
06.10.2023

## Førebels svar med trøng for tilleggsdokumentasjon - gnr 65/26 Kvisti

Tiltak: Oppføring av einebustad med utleigedel og garasje  
Eigedom: Gnr: 65/26  
Tiltakshavar: Ida Helen Feidje Mjelde  
Ansvarleg søker: Arkoconsult As

Kommunen syner til søknad om oppføring av einebustad og garasje motteke 28.09.2023.

Oppslag i kartdata fra NVE syner at eideomen ligg innanfor omsynssone for snøskred.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Kommunen ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- Fagkunnig utgreiing av tryggleik mot fare og eventuell trøng for sikringstiltak, jf. byggesaksforskrifta § 5-4 tredje ledd bokstav g.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 03.11.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka vurdert avvist.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei tilhøva som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Kommunen oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått. For meir informasjon om gebyr sjå kommunen sine nettsider <http://www.osteroy.kommune.no>

Med helsing

Tore Johan Erstad  
einingsleiar for teknisk forvaltning og plan

Therese Lyngbo Iversen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Arkoconsult As	Postboks 103	5291	VALESTRANDSFOSSEN
Ida Helen Feidje Mjelde	Skipahjellen 23	5286	HAUS